



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 29.05.2

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 27.05.20

Møtetid: 1830-2030

Møtestad: Heime hos leiar

Tilstades:

Siv Jane Rauboti, Sverre Tufte Mundal, Hilde Supphellen, Grete Mundal, Kari Bøyum Skeide, Nils Distad, Berit Orheim, Mikael Bruun

Ord for dagen:

Opning ved sokneprest Mikael Bruun med tankar etter korona-stenginga, og om verdien av å kunne vere fysisk saman i gudstenester og andre samlingar.

Referat:

Sak 11/20 Halvårsplanen

Vedtak: Gudstenester for hausten er ikkje sett opp enno. Smittesituasjonen gjer det heile litt uvisst.
*21/6 kl 1100: Blomstergudstenesta med utdeling av 6-årsboka. Kyrkjekaffi ? Medliturg Berit. Offer til IKO.
* 26/7 kl 1100: Utegudsteneste ved Bremuseet v. Kathrine Valle. I kyrkja dersom dårleg vær.
* Ingen andaktar før hausten, heller ikkje avslutningstur for kafégruppa til Brevasshytta.

Sak 12/20 Evaluering av dugnaden

Vedtak: 32 personar deltok. Ikkje vanskeleg å etterleve smittevernreglane. Utbetring/rydding av grusgangar, særleg rundt bårhuset. Elles vanlege dugnadsoppgåver ute og inne. Toaletta inne og i bårhuset blei ikkje vaska denne dagen.

Sak 13/20 Utleige av kyrkja

Vedtak: Bokbyen får bruke kyrkja til Boknatt-arrangement den 6. juni innafor dei smittevernreglane som no gjeld. Soknerådet sine medlemmer stiller som medhjelparar/medarrangørar.
Siste om denne saka – Arrangementet er flytta til Bygdahuset. Soknerådet treng då ikkje å stille som medhjelparar. Dei som likevel ønskjer å gjere det, kan ta kontakt med Marianne Paulsen.

Sak 14/20 Brev til bygdafolk i alderen 75-100 år, framlegg frå Diakoniutvalet

Vedtak: Soknerådet er einige i at eit eige brev vert utforma og sendt dei aktuelle personane. Framlegg om at dei som ønskjer besøk kan melde frå utan at dette er avgrensa til eit bestemt tidsrom. Siv Jane står som kontaktperson i brevet.

Sak 15/20 Smittevernplanen

Leiar delte ut eksemplar av gjeldande smittevernplan til alle, og gjekk gjennom hovudpunkta.

Sak 16/20 Sommaropen kyrkje

Vedtak: Grunna smittefare, blir det ikkje sommaropen kyrkje i år.

Orienteringssaker

Sak 17/20 Oppsummering/kort orientering om møter i Fellesrådet, Trusopplæringsutvalet og Diakoniutvalet

Brev frå biskopen om revidert gudstenesteordning

Vi får ny altarbok der alt av godkjende liturgiar vert samla. Vi får god hjelp av Mikael når tidi kjem for å sette oss inn i denne saka.

Neste møte: Truleg i siste halvdel av august, dato kjem seinare.

For Fjærland sokneråd

Berit Orheim
skrivar